



Møteprotokoll for Kommunestyret i Radøy

Møtedato: 21.06.2018
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 18.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Morgan Taule	AP	Medlem
Torill Helland	AP	Medlem
Ann Christin Hoen	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Vidar Grindheim	H	Medlem
Normann Sæbø	H	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Wenche Linda Kalnes Tveranger	FRP	Medlem
Silje Namtvedt	SP	Medlem
Dag Sætre	SP	Medlem
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Medlem
Martin Soltveit	SP	Medlem
Laila Seilfaldet Pletten	SP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Medlem
David Pletten Aasgard	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Henning Haugland	H	Medlem
Ståle Villanger	V	Medlem
Frode Hervik	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
--------------------------	-------	------------------

Thomas Rikstad	H	Henning Haugland - H
Jan Tore Hvidsten	V	Frode Hervik - V
Birthe Haugland Frotaule	U	Ståle Villanger - V

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, kommunalsjef Grete Herøy, økonomisjef Sveinung Kvamme, møtesekretær Arthur Kleiveland

Representanten Silje Namtvedt (SP) kom til møtet til sak 21, og kommunestyret var då fulltallig med 25 representantar.

Spørjetime: Det var spørjetimen før ordinært møte. Det vart stilt eitt skriftleg spørsmål, pluss tre munnlege spørsmål frå kommunestyret.

Saksliste

Saksnr	Tittel
015/2018	Meldingar og referatsaker
016/2018	Søknad om fritak frå politiske verv - suppleringsval
017/2018	Val av medleamar til kontrollutvalet i Radøy
018/2018	Kommunedelplan helse, sosial og omsorg for Radøy kommune perioden 2018-2028
019/2018	Plansak 12602016000600 - Områdeplan bustadområde Haukeland Søndre - framlegg til endeleg planvedtak
020/2018	Plansak 12602017000600 - Detaljregulering - Mangervåg kloakkanlegg - godkjenning
021/2018	Byggesak - Byggje- og deleforbod - Kulturminne - Radøy
022/2018	Rekneskap og årsmelding 2017
023/2018	Disponering av mindreforbruk 2017
024/2018	Tertialmelding januar - april 2018
025/2018	Budsjettregulering vår 2018
026/2018	Økonomiplan 2019 - 22
027/2018	Utviding av IKT-samarbeidet - konseptstudie
028/2018	Etablering av Nordhordland brann og redning
029/2018	Sambandet Vest AS - oppløysing av selskapet

015/2018: Meldingar og referatsaker

Behandling:

Status og framdrift Alver kommune: Ordførar Jon Askeland orienterte om status og framdrift i bygginga av Alver kommune. Han konkluderte med at arbeidet er i god rute.

Kommunestyret vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

016/2018: Søkna om fritak frå politiske verv - suppleringsval

Behandling:

Leif Taule (SP) peika på at Kjersti Haugland ikkje kan erstatta Arne Manger i vervet som 4. vara til kommunestyret. Her skal det vera direkte opprykk på varalista til Senterpartiet, som Manger er valt inn på. May Iren Sylta rykkjer opp til 4. vara, med påfølgjande opprykk på plassane bak.

Kommunestyret vedtok å gje Arne Manger fritak frå sine politiske verv i Radøy kommune.

Kommunestyret vedtok følgjande suppleringsval:

Kjersti Haugland erstattar Arne Manger som vararepresentant i kontrollutvalet

Kjersti Haugland erstattar Arne Manger som vararepresentant i kommunal klagenemnd.

Vedtak:

Arne Manger får fritak frå sine politiske verv i Radøy kommune.

Kjersti Haugland erstattar Arne Manger som vararepresentant i kontrollutvalet.

Kjersti Haugland erstattar Arne Manger som vararepresentant i kommunal klagenemnd.

017/2018: Val av medlemar til kontrollutvalet i Radøy

Behandling:

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Arild Tveranger får fritak frå politiske verv i Radøy kommune.

Medlemmar og varamedlemmar i Kontrollutvalet i Radøy:

Medlemmar:

Astrid Nordanger (AP)
David Pletten Aasgard (KrF)
Siv Beate Marøy (H)
Cyril Marøy (SP)
Nils Bård Nødtvedt (Frp)

Varamedlemmar:

1. Karolina Vaktskjold (H)
2. Kjersti Haugland (SP)
3. Sven Olav Saltnes (AP)
4. Rune Mellingen (KrF)
5. May Iren Sylta (SP)

Astrid Nordanger (AP) vert valt til leiar i Kontrollutvalet.

David Pletten Aasgard (KrF) vert valt til nestleiar i Kontrollutvalet.

018/2018: Kommunedelplan helse, sosial og omsorg for Radøy kommune perioden 2018-2028

Behandling:

Kommunalsjef Grete Herøy gav ei grundig orientering om kommuneldeplan for helse, sosial og omsorg. Ho peika på at forebygging, tidleg innsats og kvardagsmeistring er viktige innsatsområde i planen. Ho framheva også frivillig innsats, innovasjon og velferdsteknologi, heilskaplege og saumlause tenester, og rekruttering og kompetanseheving som viktige faktorar.

Tilbod om førebyggjande heimebesøk til innbyggjarar over 70 år er eit konkret tiltak i planen. Kommunalsjefen peika også på systematisk arbeid med integrering av flyktningar, og oppfølging av personar med låg bukompetanse som viktige tiltak i handlingsplanen. Planen seier at kommunen skal arbeida kontinuerleg med utvikling og forbetring, og arbeida "smart". Kommunalsjefen peikar på at planen skal tydeleggjera kva den enkelte sitt ansvar er og kva som er kommunen sitt ansvar. Utgangspunktet er at den enkelte har ansvar for eigne val og eige liv. Kommunalsjefen peika på at stadig fleire ønskjer å bu heime lengst mogleg, og at trenden i Radøy - og i resten av distriktet, er at det blir ledige plassar på institusjon.

Laila Seilfaldet Pletten (SP) gav honnør for ein god og tydeleg plan. Ho viste til eldrerådet sitt innspel om behov for dag- og aktivitetstilbod til fleire brukargrupper. Ho ser behov for ei kartlegging av behov for tilbod og aktuelle lokale.

Seilfaldet Pletten etterlyste også demensteam i Radøy.

Kommunalsjefen svarta at ho noterer seg innspelet om dag- og aktivitetstilbod for fleire grupper. På spørsmål knytt til demensteam sa kommunalsjefen at det blir jobba godt tverrfagleg på dette området, sjølv om det ikkje er eit team i drift.

Morgan Taule (AP) er glad for at planen har fokus på tidleg innsats, kompetanseheving og rekruttering. Han lanserte ideen om eit valfag på ungdomsskulen for dei som kan tenkja seg eit yrke i omsorgssektoren, for å skapa interesse for faget og stimulera til rekruttering.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) viste til samarbeidsavtalen mellom fleirtalspartia (SP, AP, KrF), og ber Radøy sine medlemer i fellesnemnda vidareføra arbeidet med å få på plass eit godt tilbod innan samlivs- og familierettleiing - som ho meiner er eit aktuelt tema ikkje minst utfrå auken i vald i nære relasjonar. Ho etterlyser også styrking av jordmor-tilbodet, og ber om at eit nær-jordmorsenter i Knarvik vert jobba vidare med.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg i Radøy kommune for perioden 2018-20128 vert godtkjent slik den ligg føre.

019/2018: Plansak 12602016000600 - Områdeplan bustadområde Haukeland Søndre - framlegg til endeleg planvedtak

Behandling:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk si tilråding i saka vart sendt på e-post til kommunestyret før møtet. Hovudutvalet si innstilling er i samsvar med rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Kommunestyret vedtok hovudutvalet si tilråding.

Vedtak:

Områdereguleringsplan for – Bustadområde Haukeland søndre - PlanID 12602016000600 vert godtkjent med planskildring datert 04.06.18, plankart datert 28.03.2018 og planføresegner datert 30.05.2018.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

020/2018: Plansak 12602017000600 - Detaljregulering - Mangervåg kloakkanlegg - godkjenning

Behandling:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk si tilråding vart sendt på e-post til kommunestyret før møtet. Hovudutvalet si tilråding er i samsvar med rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Kommunestyret vedtok hovudutvalet si tilråding.

Vedtak:

Reguleringsplan for Mangervåg kloakkanlegg, planid 12602017000600, vert godkjent med plankart datert 20.12.17, føresegner datert 28.05.18, planskildring datert 10.01.18 og ROS-analyse datert 20.12.17.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksframlegget.
Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 12-12.

021/2018: Byggesak - Byggje- og deleforbod - Kulturminne - Radøy

Behandling:

Else Marie Skartveit Dale (KrF) reiste spørsmål om ho er inhabil i saka, ettersom ho er grunneigar på festa grunn på eitt av tiltaka.

Kommunestyret kjende Skartveit Dale ugild, og ho deltok ikkje i handsaminga av saka.

Rådmann Jarle Landås gjorde merksam på saksbehandlingsfeil i saka. Han orienterte om varsling til grunneigarane ufrå matrikkelen/grunnboka, og ein av grunneigarane er ikkje blitt varsla. Rådmannen sa at denne feilen ikkje har avgjerande betydning for saka. Han refererte merknaden som den aktuelle grunneigaren har sendt inn til møtet i kommunestyret, der det vart påpeika at grunneigar ikkje var varsla og det vart stilt spørsmål til omsynssona som er strekt rundt bygningsmassen. Rådmannen viste til at denne saka gjeld eit mellombels bygge- og deleforbod, og han råde til at vedtaket kan fattast sjølv om det er gjort saksbehandlingsfeil.

Normann Sæbø (H) meiner det vert bandlagt for store areal i form av omsynssone til det enkelte objekt. Han stilte spørsmål om det er mogleg å verna dei ulike objekta utan områda rundt. Rådmannen svara at det er mogleg, men i strid med den nyleg vedtekne kulturminneplanen. Vurderinga av omsynssoner vil bli eit tema i arealdelen i revisjon av kommuneplanen.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Det vert vedteke mellombels forbod mot tiltak etter pbl. § 1-6 på eigedommar som har kulturminne med verneklasse A etter Radøy kommune sin Kulturminneplan 2017-2027, jf. pbl. § 13-2.

Område forbodet gjeld kjem fram av vedlegg; Kartutsnitt – kulturminne verneklasse A.

Grunngjeving til vedtaket går fram av saksutgreiinga og vedlegga.

022/2018: Rekneskap og årsmelding 2017

Behandling:

Revisor Reidar Bjørsvik orienterte kort om rekneskapen, og konkluderte med at den er godkjend. Ordførar Jon Askeland rosa rådmannen for arbeidet som er gjort og gode tenester som er levert innanfor ei nøktern drift.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Årsmelding og rekneskap for 2017 vert godkjent slik dei ligg føre.

023/2018: Disponering av mindreforbruk 2017

Behandling:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte i saka.

På vegne av SP, AP og KrF sette Leif Taule fram følgjande tilleggsframlegg:

Det er framleis stor trong for kjøp av utstyr til teknisk drift. Det vert difor løyvd kr 500 000,- til føremålet.

Summen vert dekkja av disposisjonsfondet.

I tillegg er det viktig å styrkja arbeidet med vedlikehald/oppgraderingar av fortau og gang-/sykkelvegar, slik at desse er/vert mest mogleg universelle. I dette ligg også oppgradering av attgrodde stiar/gangvegar i regulerte bustadområde. Dersom det trengst ekstra midlar til dette, får rådmannen fullmakt til å henta midlar frå disposisjonsfondet.

Kenneth Taule Murberg (H) ba om gruppeleiar-møte.

Etter gruppeleiar-møtet tok Taule Murberg ordet og informerte om at alle gruppeleiarane slutta seg til tilleggsframlegget med følgjande **oversendingsframlegg**:

1. Radøy kommune har markert seg positivt gjennom fleire år, både i form av økonomiske og kvalitative resultat. Det er ein formidabel innsats som er lagt ned av kommunen sine tilsette, som har ført kommunen i denne positive situasjonen. Vi ber formannskapet handsama sak om "premiering" til dei tilsette, som takk for ein formidabel innsats gjennom fleire år.

2. Kommunestyret ber formannskapet koma med ei vurdering av lyssetting av turløypa på Manger, i kva grad dette er inkludert i eksisterande planar, eller om det må setjast av tilleggsmidlar til å setja opp "lysstolpar".

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding, med tilleggsending og oversendingsframlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Mindreforbruk 2017 vert disponert slik:

Integrering av flyktningar	2.500.000
Bygging Alver kommune	2.000.000
Asfaltering kommunale vegar	400.000
Helsehuset, vindaug og SD-anlegg	460.000
Til fritt disposisjonsfond	2.335.179
Overført frå bundne fond	(2.232.000)
Til fritt disposisjonsfond	2.232.000
Mindreforbruk 2017	7.695.179

Det er framleis stor trong for kjøp av utstyr til teknisk drift. Det vert difor løyvd kr 500 000,- til føremålet.

Summen vert dekkja av disposisjonsfondet.

I tillegg er det viktig å styrkja arbeidet med vedlikehald/oppgraderingar av fortau og gang-/sykkelveg, slik at desse er/vert mest mogleg universelle. I dette ligg også oppgradering av attgrodde stiar/gangveg i regulerte bustadområde. Dersom det trengst ekstra midlar til dette, får rådmannen fullmakt til å henta midlar frå disposisjonsfondet.

Oversendingsframlegg til formannskapet:

1. Radøy kommune har markert seg positivt gjennom fleire år, både i form av økonomiske og kvalitative resultat. Det er ein formidabel innsats som er lagt ned av kommunen sine tilsette, som har ført kommunen i denne positive situasjonen. Vi ber formannskapet handsama sak om "premiering" til dei tilsette, som takk for ein formidabel innsats gjennom fleire år.
2. Kommunestyret ber formannskapet koma med ei vurdering av lyssetting av turløypa på Manger, i kva grad dette er inkludert i eksisterande planar, eller om det må setjast av tilleggsmidlar til å setja opp "lysstolpar".

024/2018: Tertialmelding januar - april 2018

Behandling:

Kommunestyret vedtok formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Tertialmelding for perioden januar – april 2018 vert teken til etterretning slik den ligg føre i eigne dokument.

025/2018: Budsjettregulering vår 2018

Behandling:

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Budsjett 2018 vert regulert i samsvar med saksutgreiinga ovanfor, og gir følgjande skjema 1a, 1b og 2b:

Drift (skjema 1a)	Budsjett 2018	Regulering	Regulert budsjett
Skatt på inntekt og formue	(121 100 000)	499 000	(120 601 000)
Rammetilskot	(168 988 000)	(1 070 000)	(170 058 000)
Eigedomsskatt	(15 197 000)		(15 197 000)
Generelle statstilskot	(15 104 500)	(1 271 000)	(16 375 500)
Renteinntekter og utbytte	(3 987 000)	(1 000 000)	(4 987 000)
Renteutgifter	5 609 000	156 000	5 765 000
Avdragsutgifter	8 994 000	21 000	9 015 000
Sum frie inntekter	(309 773 500)	(2 665 000)	(312 438 500)

Drift (skjema 1b)			
Stab og fellestenester	20 137 793	-	20 137 793
Oppvekst	121 376 275	303 000	121 679 275
Helse og omsorg	131 304 599	1 793 000	133 097 599
Drift og forvaltning	34 992 122	569 000	35 561 122
Sum drift	307 810 789	2 665 000	310 475 789

Netto	(1 962 711)	-	(1 962 711)
--------------	--------------------	----------	--------------------

Investering (skjema 2b)	Regulering
Solhall, auka kostnad	
Bustadsosial handlingsplan, først i 2019	-1 800 000
Radøyhallen, uaka kostnader	700 000
Bø barnehage, større del i 2019	-10 000 000
Netto endring	-11 100 000

Redusert investeringsramme vert finansiert gjennom redusert bruk av lån.

026/2018: Økonomiplan 2019 - 22

Behandling:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte i saka og sa at dette er det siste økonomiplanvedtaket som blir gjort for Radøy kommune. Han peika på at i løpet av hausten 2018 vil arbeidet med å konsolidera økonomiplanane for Lindås, Meland og Radøy verta sett igang, og ein vil då få eit innblikk

i korleis situasjonen vil sjå ut for Alver kommune.

Økonomisjefen konstaterer at det er mange usikre faktorar som spelar inn knytt til økonomiplanen både for Radøy og dei to andre kommunane. Han trekte fram ei rekkje føresetnader for økonomiplanen som skal vera felles for dei tre kommunane. Rådmennene i Lindås, Meland og Radøy har samkjørt føresetnadane for økonomiplanen så langt det lar seg gjera. Konsolidering av økonomiplanane til ein plan for Alver vert gjort etter at kvar kommune har vedteke sin økonomiplan. Konsolidert økonomiplan for Alver skal vera klar før ordinær handsaming av budsjett for 2019 i kvar kommune.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Økonomiplan for Radøy kommune for perioden 2019-22 vert godkjent slik den ligg føre.

027/2018: Utviding av IKT-samarbeidet - konseptstudie

Behandling:

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starta så raskt som mogleg. Radøy kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding, vert starta opp.

Gulen kommune er i dag fullverdig medlem i Regionrådet og samarbeider tett med dei andre kommunane innanfor mange tenester. Dersom Gulen kommune er klar til å gå inn i §27-samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Radøy kommune positiv til det.

028/2018: Etablering av Nordhordland brann og redning

Behandling:

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

Vedtak:

1. Radøy kommune godkjenner brannordning og samarbeidsavtale for etablering av Nordhordland brann og redning (NHBR).

2. Kostnadar for deltaking i samarbeidet blir handsama i samband med arbeidet med budsjett og

økonomiplan.

029/2018: Sambandet Vest AS - oppløysing av selskapet

Behandling:

Ordføreren opplyste at denne saka av tidsomyn går direkte til kommunestyret utan handsaming i formannskapet først.

David Pletten Aasgard (KrF) sette fram forslag om at Kenneth Taule Murberg (H) vert Radøy kommune sin politiske representant til styringsgruppa.

Ordførar Jon Askeland sette fram forslag på John Magne Bauge (H) som vararepresentant.

Kommunestyret vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak, med dei tilleggsframlegga som vart sett fram i møtet.

Vedtak:

1. Radøy kommune støttar avvikling av aksjeselskapet Sambandet Vest AS.
 2. Prosjektet Sambandet Vest blir organisert vidare som eit samarbeid mellom kommunane Askøy, Austrheim, Lindås, Meland og Radøy. Det blir valt 1 politisk representant frå kvar kommune som utgjer styringsgruppa. Denne styringsgruppa kan etablera arbeidsgrupper og referansegrupper etter behov. Meland kommune tar administrasjonen av prosjektet vidare i ein 10% stilling. Kostnad blir dekkja med 1/5 frå kvar av kommunene. For 2018 utgjer dette kr 10.000,-.
 3. Politisk representant til styringsgruppa for Radøy kommune er Kenneth Taule Murberg, med John M. Bauge som vararepresentant.
 4. Rådmannen kjem attende til inndekning i samband med budsjettregulering til hausten.
-